

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2 - S11, K3 - &13	19/254

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/19	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	30.04.2019

Uttale - Høring av søknad om regulering av Vikastølvatnet

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune finn at planane for regulering av Vikastølvatnet til ein viss grad strir med kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk. Dei negative konsekvensane er først og fremst knytt til landskapsoppleving i samband med friluftsliv og påverknad på den raudlista naturtypen klar kalkfattig innsjø. Dei positive sidene er auka kraftproduksjon i eksisterande kraftverk og redusert potensiale for skadeflom. I ei total vurdering, der ein også inkluderer tidlegare utbygging av vassdraget, finn Suldal kommune at ulempene med regulering av Vikastølvatnet er større enn fordelane.

Sand, 03.05.2019

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:

Uttale - Høring av søknad om regulering av Vikastølvatnet - kopi av brev til NVE
Innspel til regulering av Vikastølvatnet
Høring av søknad om å få regulera Vikastølvatnet
Høring av søknad om å få regulere Vikastølvatnet i Suldal kommune
Høring av søknad om å få regulere Vikastølvatnet - høyringsfrist 11.04.2019

Saksopplysningar

Fakta

I 2013 gav NVE løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Borgånå kraftverk på Ropeidhalvøya. Løyve blei gitt på nærare fastsette vilkår. Ein føresetnad var blant anna at «Inntaket skal plasseres slik at det ikke under noen omstendighet påvirker Vikastølvatnets vannstand.» Borgånå kraftverk blei sett i produksjon i 2016.

NVE har no motteke ein søknad frå Bekk og Strøm AS, datert 06.02.2019, om løyve til å regulere Vikastølvatnet med 1 m mellom kote 253 og 252. Vasstanden i Vikastølvatnet skal hevast 0,4 m og senkast 0,6 m. Dette vil gje ein årleg auke i kraftproduksjon på 0,71 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 35 husstandar.

Fysiske inngrep er å senke utløpselva med ein kanal frå Vikastølvatnet med omlag 1,0 meter frå kote 352,6 moh til kote 351,5 moh med ein bredde på 2,0 meter. Flomløpet vil bli heva med 1.0 meter frå eksisterande dam.

I samband med bygging av Borgåna kraftverk blei det laga permanent åtkomstveg. Det vil ikkje være behov for nye vegar som følge av utbygginga.


Minstevassføringskravet til elva nedstraums inntaksdammen vil vere uendra og i tråd med gjeldande konsesjon.

Ecofact har vurdert verknadar for naturmangfald i tilknytning til søknad. Samla er influensområdet vurdert å ha middels verdi. Dette er i stor grad vurdert på at vatnet er ein raudlista naturtype (klar kalkfattig innsjø). Elles er området vurdert å ha liten verdi.

Ecofact skriv at Vikastølvatnet verdi som raudlista naturtype vil bli øydelagt med reguleringa. I forhold til dette enkelte vatnet vil dette få ein stor negativt verknad, men i ein større samanheng (regionalt/nasjonalt) vil omfanget vere avgrensa. Utledda frå verdi og verknadsomfang vil konsekvensen for naturmangfaldet av det planlagde tiltaket bli lite-middels negativ.

NVE ynskjer synspunkt om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar. Frist for høyringsfråsegn var sett til 11. april, men Suldal kommune har fått utsett frist.

NVE sitt høyringsbrev og søknadsdokument finn ein på NVE si [nettside om saka](#).



Aktuell lokalitet.

Lover, føresegner, rundskriv

NVE skal handsame søknaden etter reglane i vassressurslova.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Generelt Lnf-område i kommuneplanen sin arealdel.

Suldal kommune har utarbeid retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk.

Innkomne uttalar

Ropeidhalvøya grendautval har uttalt seg til saka, sjå nedanfor.

Vurdering og konklusjon

Det er utarbeid retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk i Suldal. Desse vart vedtekne som ein del av Klima- og energiplan for Suldal kommune (2012). Der heiter det vidare: "Retningslinjene for sakshandsaming av kraftverk skal følgjast. Alle søknader skal likevel gjevast ei individuell handsaming der dei totale verknadene av utbygginga blir vurdert."

Retningslinjer med kommentarar:

1. Alle søknader om kraftutbygging skal sendast aktuelt grendeutval til uttale.

Ropeidhalvøya grendeutval handsama saka i utvalsmøte 04.04.19 og har følgjande uttale:

«Regulering av Vikastølsvatnet er ei vidareutvikling av eksisterande Borgånå kraftverk. Sjølv om det vart presisert i løyvet til Borgånå kraftverk i 2013 at inntaket måtte plasserast slik at det ikkje ville påverka vass-standen i Vikastølsvatnet, så ser grendeutvalet nå fleire fordeler enn ulemper med regulering.

Vikastølsvatnet ligg geografisk slik til at regulering ikkje vil koma i konflikt med verken busetand, anna næringsdrift eller beite og det biologiske mangfaldet vil ikkje bli skada i særleg grad.

Med denne reguleringa vil produksjonen i Borgånå kraftverk få ein stor auke samtidig som den kan redusera flomskader i Borgånå ved kraftig vassføring. Me har tidlegare sett at den kommunale vegen har blitt rassert ved stor vassføring.

Derfor går Ropeidhalvøya grendeutval samrøystes inn for at det blir gitt løyve til å regulera Vikastølsvatnet som omsøkt.»

2. Kraftverk bør ikkje berøra areal over skoggrensa

Vikastølsvatnet ligg i skogsterreng, 353 moh.

3. Søknader om utbygging i landskapsvernområde vil bli frårådde når dei går utover verneformålet. Det er ingen verneområde i nedbørsfeltet.

4. I vatn som fungerer som magasin, bør det berre tillatast ei lita regulering utover tidlegare eller naturleg regulering, til dømes pluss/minus ein meter.

Søknaden er å regulere Vikastølvatnet med 1,0 meter. Dette vil ikkje gi svært store endringar i forhold til naturlege svingingar. Der strandsona har ei relativt bratt helling vil berre ei smal sone bli påverka av endra vasstand. Andre stader der det er langgrunt vil ein relativt brei sone kunne bli eksponert når vatnet blir senka maksimalt. Der vatnet grenser til myr vil desse bli påverka ved at myrareal blir liggande under vatn ved høgaste regulerte vasstand. Det er søknaden i liten grad omtalt i kva grad regulering vil kunne påverke desse myrareaala. I norsk naturforvaltning er det i dag sterkt fokus på restaurering av tapt myr.

Ein del erosjon i reguleringssona må sannsynlegvis påreknast.

5. Ein må ta særleg omsyn til utforming i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål

Området er nytta til friluftsliv heile året. Skogbilvegar som fører heilt opp til tiltaksområdet blir nytta til turstiar. Målet er toppane på Ropeidhalvøya. Tursti nr 1 merka av på [«Turstiar Ropeidhalvøya»](#) (kommunen sin kartserie over turstiar) går på nordsida av Vikastølsvatnet. Det er også jakt i området.

Både reguleringssona og inngrepa i utlaupet vil vere synleg for folk som ferdast i området.

Kanal og ny damkrone vil vere eit større inngrep enn eksisterande. Ny damkrone vil bli heva med 1,0 meter og få ei auka lengde frå 17,2 meter til 35 meter.

6. Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige

Det er ingen kjende raudlisteartar i området, men sjølve naturtypen «klar kalkfattig innsjø» er kategorisert som sårbar i raudlista for naturtypar. Naturtypen er rekna for å vere den innsjøtypen som er størst i Norge, men er rekna for sårbar fordi den har ein redusert tilstand som følgje av påverknad særleg frå forsuring og vasskraftutbygging. Dette gjeld ikkje minst i vårt eiga distrikt.

Andre forhold

Reguleringa på 1,0 m vil gje ein årleg auke i kraftproduksjon på 0,71 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 35 husstandar. Utbygginga vil gi inntekter til eigerane av selskapet og til grunneigarar. Anleggsperioden vil strekkje seg over 2-4 månadar (2-4 årsverk).

Ei regulering vil kunne redusera flomvassføring i Borgåna. Det har tidligare, før noverande regulering, vore skadeflom knytt til vegen.

Kraftverket fikk konsesjon i 2013 (oppdatert i 2014). Det var då ikkje søkt om å regulere vatnet. Konsesjonen er også klar på at «Inntaket skal plasseres slik at det ikke under noen omstendighet påvirker Vikastølsvatnets vannstand.» Saka no handlar berre om regulering av Vikastølsvatnet. Det kan likevel vere relevant å spørje seg om ein hadde sett annleis på den tidligare utbyggingssaka om reguleringa var del av den tidligare søknaden. Produksjonen ville då totalt vore på 5,62 GWh der reguleringa av Vikastølsvatnet ville utgjort 0,71 GWh av dette. Som ein ser utgjør reguleringa av vatnet ein beskjeden del av den totale kraftproduksjonen, samstundes som ein har negative konsekvensar for naturtypen og opplevingsverdi.

Suldal kommune finn at planane for regulering av Vikastølsvatnet til ein viss grad strir med kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk. Dei negative konsekvensane er først og fremst knytt til landskapsoppleving i samband med friluftsliv og påverknad på den raudlista naturtypen klar kalkfattig innsjø. Dei positive sidene er auka kraftproduksjon i eksisterande kraftverk og redusert potensiale for skadeflom. I ei total vurdering, der ein også inkluderer tidlegare utbygging av vassdraget, finn Suldal kommune at ulempene med regulering av Vikastølsvatnet er større enn fordelane.

30.04.2019 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Røysteresultat:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

LMT- 039/19 Vedtak:

Suldal kommune finn at planane for regulering av Vikastølsvatnet til ein viss grad strir med kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk. Dei negative konsekvensane er først og fremst knytt til landskapsoppleving i samband med friluftsliv og påverknad på den raudlista naturtypen klar kalkfattig innsjø. Dei positive sidene er auka kraftproduksjon i eksisterande kraftverk og redusert potensiale for skadeflom. I ei total vurdering, der ein også inkluderer tidlegare utbygging av vassdraget, finn Suldal kommune at ulempene med regulering av

Vikastølsvatnet er større enn fordelane.